

Spesielle vilkår forts.: _____

Føresetnader for arbeid i offentlig veg

Det er vedtatt egne *"Retningslinjer for graving i offentlig veg – og gategrunn"*, godkjent av Meland kommunestyre 17.06.2015. Desse gjeld for alt arbeid i eller ved offentlig veg. Entreprenør/byggherre kan få reglane på www.meland.kommune.no eller ved å vende seg til kommunen på tlf. 56 17 10 00.

Ansvarshavande entreprenør

Det skal alltid vere ein ansvarshavande entreprenør (eventuelt offentlig teknisk etat) for graving i offentlig veg.

Den som skal vere ansvarshavande entreprenør for eit anlegg i eller ved offentlig veg skal ha dei nemnte retningslinjer og full kjennskap til desse. Ved underskrift på søknadsskjema skal entreprenør forplikte seg til å følge reglane og ta på seg det ansvaret som følgjer med.

Ansvarleg entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen på den staden der det skal gravast. Entreprenøren må ha full oversikt over tilhøva sjølv om andre har gjort undersøkingar. Avkryssing på søknadsskjema skal gjelde som forpliktande erklæring om at tilstrekkelig undersøking er gjort. Manglande avkryssing kan føre til avvist søknad.

Eigenkontroll skal utførast og skjema *«Entreprenøren sin eigenkontroll ved arbeid i offentlig veg»* skal sendast til den einskilde kommune, jf. *"Retningslinjer for graving i offentlig veg – og gategrunn"*, godkjent av Meland kommunestyre 17.06.2015. Garantitid gjeld tre år frå dato for ferdigsynfaring. Entreprenøren / byggherre er ansvarleg for ferdigstilling.

Ansvarshavande eigar (byggherre)

Søknad om graveløyve skal alltid underskrivast av eigar av det aktuelle anlegg (byggherre).

Ved si underskrift skal eigaren (byggherren)

- ta på seg ansvaret for det ferdige anlegg, og for hendingar og skader som anlegget måtte medføre på vegen og tredjemann
- vere garantist for at entreprenøren sine plikter etter reglane blir oppfylt

Føresetnader for å ha liggande leidnings- og kabelanlegg i offentlig veg- og gategrunn

Løyvet frå kommunen er gitt mellombels. Leidnings- og kabeleigar er plikta til, for eiga rekning, å foreta dei nødvendige endringar med leidnings- eller kabelanlegget – eventuelt fjerne det – dersom kommunen seinare måtte finne det nødvendig.

Risiko og ansvar

Mulig ulempe for leidnings- eller kabelanlegget ved kommunen sitt vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetringsarbeid er ikkje kommunen sitt ansvar. Kommunen har heller ikkje ansvar for skader/ulempar på leidnings- eller kabelanlegg som følgje av trafikkbelastning på vegen